



**SPAREGRISANE:** Celina Tellevik Rasmussen, Kristina Sæle, Trude Austrheim, Stina Nes Sjørnsen, Maren Sundt Solheim, Eglan Hassan Ali og Tordis Jorquera Berger går i klasse 10B på Meland ungdomsskule og har laga film om kva som kan skje om ein handlar på kredittkort.

# Skal ikkje gå i gjeldsfella

**MELAND:** Shoppar du for mykje, kan du enda opp med store problem. Det er ikkje desse 10. klassingane i tvil om.

Av Anne-Lise Nordpoll  
anne@strilen.no

– Me har lært om kredittkortgjeld. Det vil eg aldri ha, seier Celina Tellevik Rasmussen.

Ho er ein av sju jenter i gruppa som kalla seg Sparegrisane, då dei skulle presentera sitt bidrag til Gjeldsprosjektet i Meland kommune.

## Økonomi på timeplanen

I 10 år har 10. klassingane på Meland ungdomsskule og Rosslund ungdomsskule fått undervisning om økonomi og økonomistyring.

Celina fortel at dei har lært å setja opp budsjett, og at dei har hatt besøk av Nav og Namsmannen på skulen.

Ho synest dei har lært mykje. Gruppa hennar oppsummerte det viktigaste dei hadde lært i ein film om kredittkort og shopping.

Filmen deira begynner med ei jente som kjem på skulen og viser fram eit kredittkort. Fornøgd og glad begynner ho å kjøpa alt ho har lyst på.

– Det var kjempegøy å laga denne filmen. Me jobba med den på skulen, men me brukte også litt av fritida vår og reiste til Åsane for å filma i forskjellige butikkar, fortel Celina.

Jentene ville blant anna ha med ei scene der hovudpersonen gjekk



**NAMSMANNEN PÅ DØRA:** I ein film laga av elevlar på Rosslund skule såg det slik ut då Namsmannen kom på besøk.



**INTERVJU:** Reidun E. Johannessen er skulefagleg rådgjevar i kommunen, og intervjuar elevane på scena før dei viste fram prosjekta sine.

rundt på kjøpesenteret med fulle bæreposar.

## Flaut og morosamt

– Folk som fekk sjå filmen lurte på om me hadde gått amok og handla i alle butikkane, men det gjorde me ikkje. Me gjekk rundt på butikkane og spurte om me kunne få plastposar av dei, og så fylte me dei med våre egne klede, fortel dei.

Jentene var også ein runde på

IKEA for å filma ellevill shopping der. Dei fekk til og med hjelp frå ein av dei tilsette på IKEA som stilte opp i filmen og prøvde å overtala hovudpersonen til å kjøpa ein tv.

– Det var litt flaut å filma i butikkane. Alle kundane såg på oss, men det var veldig gøy også, seier dei.

Nokre av jentene i gruppa har mulegheit til å tena egne pengar ved å gjera småjobbar som å



**SPEIELT I MELAND:** Gjeldsprosjektet i Meland starta for ti år sidan, og har fått mykje skryt. Fredag var årets 10. klassingar på Meland og Rosslund ungdomsskule samla for å oppsummera det dei hadde lært.

passa barn, lufta hundar eller ta husarbeidet heime. Sjølv om dei ikkje får like mykje mellom hendene som folk i fast jobb, har dei for lengst oppdaga at pengane forsvinn fort.

– Folk på vår alder brukar ofte pengar på snop, mat eller klede, men gjer du mange sånne småkjøp brukar du fort opp pengane du får eller tener, seier Celina.

Etter å ha lært om kredittkortgjeld på skulen, er det ingen av dei sju som har lyst å handla på kreditt. Dei veit at det kan bli veldig dyrt. Dei har lært på skulen at visst dei ikkje betaler rekningane i tide, vil dei få purringar og deretter kan saka gå vidare til inkasso. Dersom ein framleis ikkje betaler, ender det med at Namsmannen troppar opp på døra og tek pant i eigendelar, bilar eller heile huset.

I alt 15 grupper presenterte dei dei hadde lært i gjeldsprosjektet frå scena i Meland aktiv, og to representantar frå Meland kommune hadde den vanskelege oppgåva med å kåra ein vinnar.

– Det er ikkje lett. Kvar år blir

eg imponert over kva elevane får til. Dei er veldig kreative, og det er ikkje vanskeleg å sjå at dei har lært veldig mykje gjennom dette prosjektet, seier Helge Kvam, som sat i juryen saman med Sølvi Knudsen.

Mange av gruppene hadde laga filmar, andre hadde skrivne dikt eller laga PowerPoint-presentasjon.

## God førebygging

Kvam fortel at elevane har hatt seks timar på skulen der dei har lært om økonomi, og så har dei brukt like mange timar på å laga ein presentasjon.

– Ved å laga ein presentasjon får dei bearbeidd stoffet betre, og det er veldig kjekt å sitja her og så kva dei har fått ut av det, seier han.

Svein Arne Hatlevik i Nordhordland lensmannsdistrikt synest Meland kommune fortener skryt for at dei har eit slik gjeldsprosjekt i ungdomsskulen.

– Det er mange som går i gjeldsfella. Det gjeld folk i alle aldrar. Det er god førebygging i eit slikt prosjekt, seier Hatlevik.